



ÅRSMELDING UNDHEIM SOKNERÅD 2020



UNDHEIM SOKNERÅD

2020 starta med optimisme for arbeidet i Undheimkyrkja, og det begynte heilt normalt.

Soknerådet vart med i eit felles opplegg for sokneråda i distriktet til hjelp og inspirasjon til å halda fokus på kva som kan vere viktige og gode perspektiv i kyrkjelydsarbeid. Opplegget heiter FOKUS.

Soknerådet fekk innspel på at me kanskje kunne få ny ungdomsarbeidar til hausten, og me kjende på ei god forventning. Rekneskap, budsjett og årsmelding vart planlagt til årsmøtet i slutten av mars

Men så kom 12. mars. Koronaviruset hadde nådd Norge, pandemien viste seg å vere eit faktum og Norge stengde. 2020 vart frå den dagen eit annleis år for alle på alle måtar.

Staben og kyrkjestyret sette seg inn i retningslinjene som kom, og fekk god kontroll på smitteverntiltak og rutiner i kyrkja. Dei fortener ein stor honnør for godt arbeid.

Det var uvant, og det var vondt å ikkje kunne ha dørene i kyrkja opne og invitera til fellesskap, gudstenester og aktiviteter for små og store som vi alltid har gjort. Det går imot kyrkja sin natur å ikkje få vera vid-opne og inkluderande.

8 gudstenester på våren vart avlyste, og konfirmasjonen vart utsett til september.

Dei fleste gudstenester vart gjennomførte på hausten med begrensa deltakarar til stades. Den planlagde medarbeidarfesten vart avlyst,

og det same vart «Vi syng jula inn». Julafte var der 2 gudstenester, der den eine var streama.

Takka vere god gjeng og flott stab på kyrkjekontoret, gjekk arbeidet vidare. Dei har funne måtar å møta folk på. Sokneprest May Brit hadde lengre periodar med «heimkontor» i kyrkja. Døra var open for dei som ville stikka innom. Trusopplærarane har vore kreative og dyktige til å finna måtar å ver i kontakt med målgruppa si på, med samlingar ute, i mindre grupper eller digitalt. Frå hausten av gjekk konfirmantarbeidet stort sett som normalt, innafor smitteverntreglane.

Soknerådet har gjennomført sine møter, 1 av dei digitalt. Saker gjennom året har mellom anna vore å Auka gjevartenesta, Omfordeling av offer, Bøn- og lovsongs-kveldar og Korleis halde arbeidet i gang og vere kyrkje i ei tid som denne.

Eline Fosse vart tilsett som ungdomsarbeidar i 30% frå august. Det er veldig håpefullt og flott. Ukuf har hatt samlingar i kyrkja i den grad smittesituasjonen har tillete det, og Eline og hennar medhjelparar fortener ros og takk for stort engasjement i ein krevande periode!

Diakon Praxedes Slettebø leia arbeidet fram til at soknerådet kunne vedta Undheim sin lokale plan for diakoni 2020 – 2022.

Gudsteneutvalet med organist Kari Kaald Reiten og sokneprest May Brit Arnø i spissen, har arbeidd fram Undheim sitt forslag til Ny grunnordning for gudsteneesta.

I Joh. 1:5 seier Bibelen om Jesus at Han er lyset i verda.

«Lyset skin i mørkret og mørkret har ikkje overvunne det.»

Takk Gud, for lyset – og for håpet! Det vil me halda fast i!

*For Undheim sokneråd:
Hanne Brit Sandmark
Leiar*

SAMANDRAG AV ØKONOMIEN TIL SOKNERÅDET

I 2020 tilsette Undheim sokneråd ein eigen ungdomsarbeidar i 30% stilling med varigheit på tre år. Dette er ei ekstra utgift for Soknerådet samanlikna med tidligare år. Rådet var kjent med at dette var ei satsing som ville utfordra økonomien, men ungdomsarbeidet låg nede for teljing, og det var viktig å få dette i gong igjen.

Rekneskapen viser eit underskot på 76 897 kr. I 2020 hadde me tilsett ungdomsarbeidar i eit halvt år. Framover må me bera løna for eit heilt år. Om lag 75% av utgiftene våre er lønsutgifter.

Det blei mindre inntekter i offer i 2020 på grunn av pandemien som sette grenser for kor mange samlingar me fekk ha, og kor mange som kunne vera til stades.

Den faste gjevartenesta auka med 40750 kr i 2020 samanlikna med 2019. Det er me veldig takksame for! Soknerådet håper at fleire kan slutta seg til denne viktige tenesta slik at me kan ha ein trygg økonomi framover, og at me kan driva eit godt og allsidig arbeid der me kan få møta nye vener, søka Gud og få del i oppdraget.

Tal frå rekneskapen 2020 (rekneskapen er ikkje ferdig revidert)

Kva	Beløp
Inntekter 2020	734 116
Utgifter 2020	812 364
Underskot 2020	76 897 kr
Sum egenkapital og gjeld	648 935 kr

GUDSTENESTEUTVALET

Gudstenesteutvalet består av fem medlemmar, prest, musikalsk leiar og tre styremedlemmar. Prest kallar inn til møte og musikalsk leiar er fast referent. Dei tre styremedlemmane gjer diverse arbeid.

I 2020 hadde utvalet tre samlingar. Vanlegvis har dei fire samlingar kvart år, men pga koronaen, vart ein av samlingane avlyst. Gudstenesteutvalet jobbar med gudstenestene i kyrkjelyden. I tillegg har dei ansvar for «Vi syng jula inn»-arrangementet.

Saker som gudstenesteutvalet har jobba med i 2020 er:

- Gudstenester for våren og hausten 2020, litt om våren 2021

- Gudstenester i koronatida: to konfirmantgudstenester, to gudstenester på Julaftan, ikkje servering av kaffi på gudstenestene,
- Justering av gudstenesteordninga og søknader om «avvik»

Gudstenesteutvalet er eit gildt utvalg å vera med i med positive medlemmar som backar kvarandre opp.

Mål framover er å koma i fast gjenge med gudstenestene igjen etter koronatida. I tillegg hadde det vore kjekt å fått med yngre medlemmar inn i utvalet og i arbeidet med å laga gudstenester som mange har lyst til å koma til.

Kari Kaald Reiten

UKUF

Antall samlinger og oppmøte

Det var totalt 6 samlinger høsten 2020, med et oppmøte med gjennomsnitt på 25-30 deltakere

Ansvar

Eline Fosse har stått som ansvarlig på møtene, med et styre bestående av Kornelia Gauksås og Beate Rasmussen. I tillegg har også Asle Steinbru vært til stor hjelp gjennom høsten.

Investeringer

Det har blitt lagt inn ei stor investering i å starte opp UKUF igjen høsten 2020. Det er lagt en del arbeid og penger til UKUF rom med Nitendo swich, Tv, høyttaler, sofa og sakkosekk.

Gleder og utfordringer med arbeidet

En stor glede for UKUF er å få arbeidet opp å gå igjen. UKUF fikk starte 29.08 og ha arbeid

anna hver lørdag 5 ganger før utfordringen med korona kom og en måtte avlyse arrangement som var planlagt.

Vi åpnet igjen like før jul og fikk ha en juleavslutning.

Det var også planlagt nyttårsfeiring som vi dessverre måtte avlyse grunnet stor økning i smittetall i vår region.

Økonomi

UKUF hadde 21159 kr på konto da UKUF startet opp i august. Det ble gjort flere dyre investeringer i 2020, og UKUF søkte Stavanger bispedømmeråd om å få dekket hele beløpet. Stavanger bispedømmeråd ga positivt svar på søknaden, og vi fikk 16569 i støtte. Ved utgangen av 2021 hadde UKUF 23571 kroner på bok, og til sammen 923 kr i kontantar.

Eline Fosse

BØNE- OG OMSORGSKOMITÉEN

I 2020 hadde bønne og omsorgskomiteen ingen møter. Dette året vart det heller ikkje høve til å ha forbøn etter gudstenesta på grunn av covid-19. Før kvar gudsteneste samlast alle som har teneste den sundagen og ber for gudstenesta, men det har vore vanskeleg å få til dette året. Av og til har det vore mogleg, men utfrå smittesituasjonen, har det og vore langt færre gudstenester. Men forbedarane tek og imot ynskje om forbøn for sjukdom eller andre vanskelege situasjonar. Dei som får tilsendt bønnebehov på sms, har sjølv sagt teieplikt.

Bønnegruppa er og ein del av kyrkjelyden sitt diakoniutval. Gruppa er med og leiar og organiserer jublantbesøk til 80, 90, 95 og 100-års jubilarer i kyrkjelyden. Tordis Sandvik har besøkt 6 jubilarer i 2020.

Tordis Sandvik

Desse er med i bønne og omsorgskomiteen: Rita Gudmestad Undheim, Gerd Solveig Vikebakk Aarrestad, Else Marit Undheim og Tordis Sandvik.

Desse er med som forbedarar på gudstenestane: Kari Sikveland, Elisabeth Fosse, Gerd Solveig Vikebakk Aarrestad, Anne Reiersen Undheim, Nils Garborg Reiten og Tordis Sandvik.

I kyrkjelyden skal me vere med og « bere kvarandre» i bøn. Noko av det viktigaste me kan gjere, er å vere med i forbøn for alt arbeidet, og me er takksame for alle som er med og bed.

UGLA GUTTELAG

Samlingsstad og tid:

Undheim skule annankvar tysdag kl 19.00-20.00.

Målgruppe: 4.-7. klasse guttar.

Oppslutning: Rundt 20 guttar møtte på kvar samling sist haust. Det var litt mindre frammøte på våren.

Kontingent: 50 kr.

Leiar/ leiarar: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Ola Mellemstrand, Vidar Undheim, Kjell Einar Soldal, Norodd Sikveland, Gisle Oddane og Nils Arne Fosse.

Det har vore 12 samlingar i 2020. Kveldane starta med andakt, og aktivitetar etterpå. 2 gonger har det vore trearbeid. Me har og hatt

landhockey, kosekveldar med leikar og konkurransar, tur til Mellemstrand, og besøk frå NMSU. Grunna smittevern, valde me i siste halvdel av året å ha ein del uteaktivitetar, og eit av høgdepunkta i 2020, var turen me hadde til Sælandsskogen, der me fekk vera med på ringmerking av fuglar. Etterpå hadde me bål, og grilla pølser.

Det har vore servering av pølser eller pizza, og saft på nokon av dei andre samlingane og. Avslutninga før jul var i Lendestova hos Amund.

Det var trist at me måtte avlysa den årlege basaren, og avslutningsturen sist vår. Likevel fekk me gjort mykje gildt i 2020. Takk til alle dei gode medarbeidarane, som var med på å få dette til.

Torbjørn Garborg



MØTEPLASSEN

Møteplatsen, Undheim sitt lokale kyrkjelydsblad kom ut med fire nummer i sin 15. årgang. Bladet vert gitt ut i eit samarbeid mellom soknerådet og kyrkjestyret.

Redaksjon: Steinar Sandvik, May Brit M. Arnø. Laila Undheim og Hanne Brit Sandsmark

Trykkinga vert betalt av ulike sponsorar, og gjennom frivillig kontingent. Bladet vert delt ut av 9 frivillige.

Hanne Brit Sandsmark

OPEN KJELLAR

Me hadde to samlingar på våren og fem om hausten.

Ca 25 ungar møter kvar gong.

På samlingane våre har me ein kort andakt, speling og sosialt samvær med sal av pølser, brus og snop. Siste gong før jul hadde me grautkveld.

Våren 2020 skulle det vore fleire samlingar, men det blei bare to på grunn av smitteverntiltak i samband med koronapandemien.

Leiarar: Ola Eikeland, Nina Fosse, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge

Ola Eikeland

LAUST OG FAST

Laust og fast har møte den 3. onsdagen i månaden. Pga koronaen har me berre hatt 3 møter i 2020. Frammøte har vore godt, med folk både frå Kverneland, Bryne og elles i kommunen.

Ansvar for samlingane har Kari og Oddvar Egeland, Marit og Amund Undheim, Aaslaug og Torstein Tunheim, med god hjelp av Inger Marie Wefring, Anna Egeland og Ågot Håland. Nye som vil vera med å ha ansvar er Solveig og Hermund Lende. Dette er me takksame for.

Fast på møtene er: Ord for dagen, song, musikk og gode underhaldarar. Sjølvsaft kaffi og noko å bita i, og ikkje minst godt drøs.

Aaslaug Tunheim

Overskotet frå samlingane går direkte til kyrkjestyret. Takk til alle som er med og bidreg. Me ser fram til at vi kan samlast att, og inntil då, ynskjer me alle alt godt.



UNDHEIM SØNDAGSSKULE

Me hadde planlagt å ha 11 samlinger i 2020 men pga koronapandemien blei det kun 8.

Søndagsskulen er kl 11.00-11.45, nokon er med på gudstenesten før dei kjem ned i kjellaren til samlinga, men mange kjem direkte til søndagsskulen kl 11.00.

I år har ca 45 forskjellige barn vore innom søndagsskulen, og mange foreldre. Me har hatt 31 betalande medlemmer.

Leiarar har vore Pia Norunn Risa, Ann Iren G Sikveland, Jakob Aardal, Tage Emil Good, Alma

Eikeland, Mikal Marinius Aardal, Pauline Tveiten og Inger Eikeland.

Tusen takk for innsatsen!

Sånn har me det på søndagsskulen: registrering, klistermerke i frammøtekortet og på plakaten, skattekiste, innsamling av penger til barn i andre land, andakt, sang, konkurranse, aktivitet eller leik.

*For Undheim søndagsskule
Pia Norunn Risa*

SUPERMIX

Som alle andre ting i dette samfunnet har Supermix blitt noko amputert igjennom året 2020. Men me hadde Bollekonserert ilag med saksgruppa 11. februar. Då kom det svært mange folk, og me serverte godt med boller, som foreldre og leiara hadde baka. Så hadde me ei øving 10 mars og så vart det å lukka ned. Me fekk ikkje gjort så mykje meir i dette semesteret, men 15. juni var mange ungar med å filma «Undheimsfilmen», slik at koret vart med på filmen, som vart tatt opp i kyrkja. Så starta me opp at 8 september, med å dele koret i to, ein barnehagedel og ein skuledel, ei stund opppe på syngning og bytte med den andre gruppa nede for hobby, då vart smittevern tatt ivare og ungane tatt ivare. Nokre av ungane var med å song på Hausttakkefesten. Me song og i Torleif Undheim sin 90 årsdag, Me

brukte mykje av hausten på å øve til «Vår jul», men det vart avlyst 14 dager før 10 desember. Men alt i alt har året gått etter forhoda godt, Og før jul song Supermix på tenning av julegrana på Undheim. Mange leiara var med: Grete Årdal, Janne Vigdel Berge, Tone Gundersen Haugen; Nina Fosse, MayBrit Merland Arnø, Gunn Årdal Helland, Hanne Nordbrønd og Astri F Eikeland



*For Supermix
Astri F Eikeland*

DIAKONI UNDHEIM

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakon, saman med frivillige medarbeidarar er involverte. Det er ikkje eige diakoniutval på Undheim, men det er mange som er med i forskjellige frivillige oppgåver i diakonal regi. Bøne- og omsorgsgruppa har eit særskilt auge for eit av måla i diakoniplanen vår: «Nestekjærleik; omsorg for menneska som bur i bygda». Mykje av det diakonale arbeidet er også felles tiltak saman med Time og Bryne. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men vi ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.

Plan for diakoni

Det er utarbeida ein lokal plan for diakoni, som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Diakoniplanen vert evaluert og oppdatert rutinemessig annakvart år. På denne måten ønskjer vi å ha eit oppdatert og dagsaktuelt arbeid. I år 2020 vart diakoniplan evaluert og oppdatert.

Bønearbeid

Kyrkjelyden har ei frivillig bønegruppe (bøne- og omsorgsgruppa) som leier og organiserer kyrkjelyden sitt organiserte bønearbeid. Nokon av oppgåvene deira er mellom anna å be for gudstenester, tilby forbøn etter gudstenester og be for menneske som ønskjer forbøn. Denne gruppa har eiga årsmelding.

Arbeid for eldre og besøksteneste

Det er viktig med heimebesøk. Jubilantar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk med ei helsing frå kyrkjelyden. Desse besøka, og fleire andre besøk blir utført av frivillige (bøne- og omsorgsgruppa) og tilsette. Mykje av den diakonale tenesta er uorganisert. Fleire frivillige går på regelmessige besøk til sambygdingar som er åleine eller treng nokon å snakke med. Bøne- og omsorgsgruppa er aktive aktørar i denne besøkstenesta. På grunn av Coronapandemien vart besøkstenesta noko annleis dette året.

Kvart år arrangerer diakoniutvalet i Time ein «Vårfest for alle +/- 60». Festen bytar på å vere på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Dette året skulle festen ha vore på Undheim. Mange frivillige var i sving, men vårfesten vart avlyst pga gjeldande smitterestrisjonar. Festen er felles for alle i Time, Undheim og Bryne kyrkjelyd. Bryne diakoniutval arrangerer også ein tilsvarande fest som er felles for alle. Det er «Haustfest for alle +/- 60». Det var også ein veldig kjekk fest, som gjekk av stabelen i slutten av oktober.

I tillegg til dette er alle i Time, i alderen +/- 60, inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden. Institusjonane i Time blir også jevnlig besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her bur det bebuarar frå heile Time.

Sorgarbeid

Andre sundagskveld i januar blir det kvart år halde ein minnegudsteneste i Time kyrkje. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Dette er eit felles arrangement for heile Time, arrangert av Time diakoniutval. Eit program med følgjande deltakarar: Prest Stein Ødegård, diakon Maria Praxedes U. Slettebø, Oddny Underhaug med songgruppa Shalom og munnspele v/ Anne Kristine Røthing. Namna på dei avdøde brukar å bli lest opp medan det vert tent lys for den enkelte på ein nydeleg lysinstallasjon.

Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då blei kyrkjetorget i Time kyrkje halde ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og å samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegarden. Inne i kyrkjesalen hadde me ein times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Heidi Strand Harboe. Det blei eit flott arrangement.

Diakonen tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert

sorgstøttegrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Frivillige medarbeidarar er med som sorgstøttegruppeleiarar. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

Arbeid for menneske med utviklingshemming

Ein søndag i månaden er det «Sundagstreff». Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Då er det først allsong, mat og drøys i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen i Bryne kyrkje. Ein god gjeng blir samla her kvar gong.

Skulebesøk

Diakon

Maria Praxedes Unlayao Slettebø

Diakonen måtte dette året avlysa skulebesøk i Brynkyrkja med elevar frå avdeling for kvardagslivstrening ved Bryne vgs, der diakonen fortel påskehistoria.

Fasteaksjonen

På grunn av pandemien, vart det ikkje dør-til-dør aksjon dette året. Det vart imidlertid arrangert innsamling på Facebook, Vipps og SMS/bank tysdag 31.

mars. Resultatet for heile Time var kr. 105 337,- medan det i Undheim sokn vart samla inn kr. 17 572,-. Dette må seiast å vera eit veldig bra resultat ut frå korleis situasjonen var.

Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Undheim i 2020.

TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Trusopplæringa har vore i ordinær drift frå 10.07.2013.

Oversikt over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning 2020 (2019) i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 68 (88) Time: 24 (3) Undheim: 10 (9)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong/småsong	Bryne: = avlyst (6%) Time: 13 av 59 = 22% (23%) Undheim: 12 av 17 = 71% (52%)	Samling annankvar veke
2 år	Undretur	Bryne: 15 av 77 = 19% (11%) Time: 10 av 34 = 29% (42%) Undheim: 8 av 14 = 57% (100%)	1 samling
	Haustattakkegudsteneste		Utdeling av CD.
3 år	Krøllekveld	Bryne: 18 av 77 = 23% (18%) Time: 13 av 34 = 38% (21%) Undheim: 8 av 12 = 67 (82%)	1 samling
4 år	Barnebibel Barnebibel og fireårsklubb Barnebibel og fireårsklubb	Bryne: 42 av 84 = 50% (44%) Time: 17 av 46 = 37% (49%) Undheim: 11 av 12 = 92% (95%)	1 gudsteneste 3 samlingar + gudsteneste 3 samlingar + gudsteneste
4 år	Adventsklubb	Bryne: 12 av 68 = 18% (25%)	1 - 2 samlingar

Alder	Tiltak	Oppslutning 2020 (2019) i parentes	Anna
4-5 år	- Samling med Jungelkoret - Sml m/ Lye barnegospel - Samling med Supermix	Bryne: 10 av 71 = 14% (14%) Time: 8 av 37 = 22% (11%) Undheim: 3 av 12 = 25% (80%)	1 samling
6 år	Aktivitetsdag	Bryne: = avlyst (3%) Time: = avlyst (10%) Undheim: = avlyst (18%)	1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
6-7 år, 1. kl	Førsteklasses	Bryne: = avlyst (10%) Time: 18 av 44 = 41% (21%) Undheim: = avlyst (71%)	B: 2 sml + dåpsskulehelg T og U: 3 saml. + dåpsskulehelg
8-9 år, 2. kl	Pinsefart	Bryne: = avlyst (9%) Time: = avlyst (49%) Undheim: = avlyst (75%)	3 saml. ettermiddagstid
9-10 år, 3.kl	Tårnagenthelg	Bryne: 12 av 102 = 12% (26%) Time: 22 av 46 = 48% (43%) Undheim: = avlyst (79%)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman
10 år, 4. kl	Gudsteneste med påskedrama	Time: = avlyst (17%)	1 sml + gudsteneste
10 år, 4 kl	På sporet av Jesus	Bryne: = avlyst (3%) Time: = avlyst (26%) Undheim: = avlyst (60%)	1 samling lørdag
10 år, 5.kl	Lys vaken	Bryne: = utsatt (32%) Time: 16 av 43 = 37% (52%) Undheim: 6 av 18 = 89% (60%)	2 sml + gudsteneste T og U: Lørdag + gudsteneste
13 år, 7 kl	7. klassefest	Lye: = avlyst (61%)	1 kveld
11-13 år, 5-7. kl	12 H Festival	Bryne: avlyst Time: avlyst Undheim: avlyst	12 timar lørdag inkl gudsteneste
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 73 av 93 = 78% (65%) Time: 26 av 36 = 72% (68%) Undheim: 17 av 16 = 106% (90%)	Totalt 60 timar.

Trusopplæringa var sterkt prega av koronapandemien. Det var både avlysingar, utsette tiltak og endra tiltak. Dette førte til «tvangsdigitalisering», og ei bratt læringskurve. Pinsefart vart to heildigitale samlingar. I tillegg vart det laga fleire episodar med «Godt nytt for born», der det var bibelforteljing og song spelt inn og sendt digitalt.

Dåpsskulen har skifta namn til førsteklasses.

Det er ny giv og god utvikling i ungdomsarbeidet. Eline Fosse starta som ungdomsarbeider på Undheim, og UKuf har fått ein ny start i ei utfordrande tid. Varden på Lye, med Martin Berge, har fått eit kraftig oppsving, og mange ungdommar samlast der. Ein trufast gjeng går på Ung Fokus i Bryne kyrkje, der Asle Steinbru er primus motor.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Organisering: 2020 starta med optimisme, tiltakslyst og innsatsvilje, men fekk ein brå stopp då Norge stengde ned. Det var forsiktig optimisme tidleg på hausten, men frustrasjonen vaks i takt med aukande restriksjonar. Trass i dette, vart det laga ein flott digital adventskalender der barn og barnekor deltok.

Trusopplæringsstillingar:

Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmiddel.

Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Kyrkjelydspedagogen i Bryne var sjukemeld nesten heile året, og vikaren gjekk ut i svangerskapspermisjon. Noko som har ført til mykje omrokking av arbeidsoppgåver for å kunna sikra at tiltaka blei gjennomført på forsvarleg vis.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i trusopplæringa: Mari Ask Helland, Kristine Åsbø, Marit Høie Hetland, Eline Fosse,

Ragnhild Hanssen, Per Olav Egeland og Ingfrid Time Nærland.

Vi gler oss til kvardagen blir normalisert, både med tanke på ustabile arbeidsforhold og koronapandemi.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leiarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

18.02.2021

Guds signing.

Ingfrid Time Nærland

UTDRAG FRÅ KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Antal gudstenester	28	26	28	31	28	25
Gudstenestedeltakarar	3539	3342	3306	3466	2968	1608
Nattverdgjester	972	923	566	706	898	388
Døyppte	24	15	15	13	12	15
Konfirmerte	7	15	10	14	9	19
Vigde	7	3	3	3	2	3
Gravlagde	6	10	9	6	8	5
Innmelde i Dnk	0	0	0	0	0	0
Utmelde av Dnk	2	8	13	3	3	4
Ofringar totalt	125.980	119.327	107.403	137.131	134356	97414
Ofringar til eiga verksemd	59.401	56.761	56.998	69.811	61938	45469
Gjevarteneste	459.400	449.600	418.100	380.900	356050	396800